

Årsrapport for Læringsmiljøutvalet ved OsloMet, studieåret 2024–2025

OSLO METROPOLITAN UNIVERSITY
STORBYUNIVERSITETET



Om Læringsmiljøutvalet

Universitet og høgskular skal sørge for at læringsmiljøet på institusjonen er forsvarleg ut frå ei samla vurdering av omsynet til studentane si helse, sikkerheit og velferd, jf. Lov om universiteter og høyskoler § 10-1. Omgrepet læringsmiljø omfattar både fysiske, psykososiale, organisatoriske, digitale og pedagogiske forhold, og skal bli forstått som heilskapen av alle desse forholda.

Læringsmiljøutvalet (LMU) rapporterer direkte til universitetsstyret, og skal gi råd til styret i saker som dreier seg om læringsmiljøet ved OsloMet. LMU sitt arbeid inngår i OsloMets kvalitetsarbeid.

Læringsmiljøutvalet er samansett av studentar og tilsette. Dei tilsette blir peikt ut for ein periode på to år. Studentrepresentantane blir peikt ut for eitt år av gongen. Funksjonsperioden følger studieåret. Rollene leiar og nestleiar veksler årleg mellom representant frå dei tilsette og studentane. LMU gir årleg ein rapport til universitetsstyret om utvalet sitt arbeid.

Rektor nemner opp tilsette til Læringsmiljøutvalget. Studentparlamentet nemner opp studentar til utvalet. Våren 2025 var LMU samansett av desse personane:

Studentar:

- Elias Beisvåg Meyer (Læringsmiljø- og internansvarleg i Arbeidsutvalet)
- Nina Lily Nordskog Paureng
- Maja Vik Freberg Heige
- Ferdinand Gulliver Eckhoff Bech
- Thananthan Kirupakaran
- Filbert Mwakilambo

Tilsette:

- Silje Fekjær, prorektor for utdanning
- Vigdis By Kampenes, direktør for organisasjon og infrastruktur
- Anders Graver Knudsen, programansvarleg for journalistikutdanning ved SAM
- Tollak Landa, rådgiver i Seksjon for studieadministrasjon og internasjonalisering ved TKD
- Frode Eika Sandnes, professor og merittert underviser ved TKD
- Gry Bettina Moxnes, seksjonssjef for Biblioteket Pilestredet

Personlege varaer i rekkefølge:

- Håkon Solberg, direktør for utdanning
- Mariann Hole, eigedomsdirektør
- Kari Hjerpaasen, studieleder ved HV
- Silje Anette Holmen, seniorkonsulent i Seksjon for studieadministrasjon og internasjonalisering ved LUI
- Labbiba Akhtar, rådgjevar i Seksjon for studieadministrasjon og internasjonalisering ved LUI
- Julie Backer, seksjonssjef i Avdeling for samfunnskontakt og kommunikasjon

Faste observatørar:

- Beate T. Dessingthor, studentlivkoordinator
- Rebekka Midgaard, studentombod
- Trond Trondsen, direktør SiO Helse og Rådgjeving

I studieåret 2024–25 leia Silje Fekjær utvalet. Elias Beisvåg Meyer var nestleiar. Avdeling for utdanning utfører sekretærfunksjonen i utvalet, ved Kyrre Matias Goksøyr. Utvalet gjennomførte seks møter i perioden.

Hva vi snakker om når vi snakker om læringsmiljø

Studentenes læringsmiljø omfatter alt som påvirker læring, trivsel og helse i studietiden. Det inkluderer fysiske forhold (som lokaler for undervisning og studiearbeid), sosiale læringsmiljø (som relasjon med andre studenter og undervisere), organisatoriske forhold (som informasjon, regler og rutiner) og pedagogisk innhold (undervisningsmetoder og vurderingsformer). Sagt på en annen måte: Læringsmiljø handler om hva studentene våre møter når de kommer på universitetet. Det handler om hvordan vi som jobber på universitetet møter dem, hva studentene selv bidrar med, og rammene rundt.

Å finne ut hvordan vi skal måle dette store og komplekse begrepet er ikke lett. Uttrykt med metodespråk er spørsmålet hvordan vi best operasjonaliserer begrepet på en måte som sikrer validitet: at de dataene vi får inn på en troverdig måte måler det fenomenet vi ønsker å undersøke.

Den vanligste kilden som refereres når vi snakker om hvordan det står til med læringsmiljøet, er NOKUTs undersøkelse Studiebarometeret. Her måles læringsmiljø ut fra en samlet score på tre spørsmål som kalles læringsmiljøindeks. Da har studentene svart på tre spørsmål: Hvordan de opplever det sosiale og faglige miljøet blant studentene, samt miljøet mellom studentene og de faglige ansatte.

Hvis vi tar den brede forståelsen av læringsmiljø som vi begynte med og stiller den opp mot de tre spørsmålene som i praksis bruker til å måle læringsmiljøet, ser vi en pussig kontrast. Indikatoren som måles, dekker egentlig en svært liten del av det vi snakker om når vi snakker om læringsmiljø. De tre spørsmålene studentene svarer på i Studiebarometeret, sier ingenting om fysiske forhold og campus, ingen ting om organisatoriske forhold og informasjon, og heller ikke noe om undervisning og vurdering. Likevel snakker vi ofte som om dette ene tallet fra indeksen kan fortelle oss hvordan studentene oppfatter alt dette.

Målet Studiebarometeret bruker for læringsmiljø, er altså lite valid. Det er et tankekors å ta med seg før vi konkluderer bredt og bombastisk ut fra en tynn indikator. Men i Studiebarometerundersøkelsen finnes også uutnyttede muligheter for en bredere forståelse av læringsmiljø. Studentene blir spurt om hvordan de opplever fysiske forhold på campus, organisatoriske forhold og pedagogiske aspekt. Hvis vi baserer oss på flere av spørsmålene som brukes har vi altså mulighet for å få bedre kunnskapsgrunnlag.

Diskusjonen om læringsmiljø bør ikke handle om kun det vi måler i tre små spørsmål. I læringsmiljøutvalget ønsker vi nettopp å ta opp studentenes læringsmiljø i stort, og snakke om mange aspekter av alt det som til sammen påvirker studentenes hverdag. Vi ønsker at Læringsmiljøutvalget skal ha en lommelyktfunksjon ved å bidra til å sette viktige saker på dagsorden og få frem forslag som kan tas med videre i og få konsekvenser for hvordan vi møter studentene på OsloMet. Denne rapporten fra året som har gått i læringsmiljøutvalget viser bredden i hva utvalget har vært opptatt av: fra studentforeninger, bibliotek og campus, til strategi, språk og gruppearbeid.

Når vi snakker om læringsmiljø, bør vi fremdeles tenke og snakke bredt. Så får vi heller huske på at det vi måler, ofte bare er en liten del av alt vi vil snakke om.

Silje Fekjær

Saker i LMU studieåret 2024–2025

Under følger korte oppsummeringar av tema LMU har diskutert det siste året. Fullstendige oppsummeringar er publisert på [Opengov \(opengov.360online.com\)](https://opengov.360online.com).

Hovudanbefalingane frå LMU til universitetsstyret er at OsloMet:

- tydelegare får studentperspektivet inn i avgjerder fatta ved universitetet
- satsar meir aktivt på å utvikle gode eksamensopplevingar
- vidareutviklar og intensiverer arbeidet med tilrettelegging og universell utforming, slik at fleire studentar kan lykkast

Læringsmiljøutvalet si rolle

Læringsmiljøutvalet (LMU) er det einaste utvalet med så mange studentar, no med nesten alle fakulteta representert. LMU er ein del av verktøykassa for å sikre at studentane skal ha det godt på campus: Utvalet fungerer som ein tenketank der det kjem fram syn som ikkje dukkar opp andre stader. Sjølv om LMU ikkje har eigne midlar eller avgjerdsrett, ligg det ein fridom og eit potensial i dette.

Både OI-direktøren og læringsmiljøansvarleg i Arbeidsutvalet understrekar verdien av å få direkte tilgang til studentblikket. Styret får rapport direkte frå LMU, og signal frå utvalet blir lagt merke til. Læringsmiljø er svært synleg i risikobildet for universitetet.

Det har historisk vore utfordrande å kople LMU til pågåande prosessar. Dette har gjort det vanskeleg å bruke utvalet til å påverke. For å unngå at LMU kjem for seint inn i prosessane, bør utvalet aktivt invitere til dialog.

Strategiske handlingsplanar ved fakultet

OsloMet har fastsett strategi på overordna nivå og tre delstrategiar – utdanning, forskning og samfunnsforbetringar. I oktober 2024 skal det fastsetjast strategiske handlingsplanar på kvart fakultet. LMU fekk tilsendt utkast frå tre fakultet, og prodekan for utdanning Marius Lysebo (TKD) deltok i diskusjonen.

Utvalet diskuterte korleis ein kan få studentane aktiviserte i utforminga av slike planar. Det kan opplevast som fjernt og vanskeleg å vite korleis ein kan påverke. Tidsperspektivet i prosessane gjer det også krevjande å få med studentar.

Studentinvolveringa bør starte tidleg og lågt. Det kan vere behov for ein innsats for å setje studentane i stand til å bidra. Å aktivisere dei tilsette som møter studentane kan gjere det meir meningsfullt for studentane å delta. Sjølv om det er eit reelt ønske om å ta studentstemma på alvor, har ikkje alle studentar perspektiv utover si eiga utdanning.

Medverknad i byggeprosessar

Representantar frå campusprogrammet innleia til diskusjon om brukarmedverknad i byggeprosessar. OsloMet får fleire byggeprosessar, og det er behov for tydelegare skildringar av brukarmedverknad. Det er sett i gang arbeid med retningslinjer for medverknad. Dokumentet seier ikkje mykje om korleis brukarmedverknaden skal føregå, for å gi handlingsrom til å velje riktig form.

Utvalet peika på at det er viktig å unngå at brukarmedverknad blir passivt og formalistisk. Å ta med studentane tidleg kan bidra til effektivitet. Det er mykje godt i dokumentet om korleis studentorgan blir inkludert, men studentforeiningane er ikkje nemnde.

Det kan vere krevjande å hjelpe brukarane til å gi gode innspel. Det er også utfordrande å vite når avgjerder blir tekne og av kven. Ein rettleiar for slike prosessar bør innehalde vegkart som viser korleis prosessane føregår. Studentparlamentet opplever at studentar og læringsmiljøutval er tydeleg inkluderte i prosessane.

Bruk av campus

I diskusjonen om bruk av campus kom det fram ulike syn på alkohol ved studentarrangement. Nokre ønskte meir moglegheit for alkohol, medan andre meinte universitetet bør vere restriktivt. Utvalet uttrykte ønske om ei breidd av arrangement. Ein bør ikkje sikte på at alle arrangement skal treffe alle, men heller tilby mange ulike arrangement og ei breidd av tilbod. LMU ønsker å opne campus for mest mogleg studentarrangement og tiltak. Dette må skje innanfor reglane for skjenking og vakthold, og ein må ha nokre vurderingar rundt grad av kommersielt og moglegvis politisk innhald. Når det gjeld politisk innhald, ønskte utvalet å vurdere reglane og bad om ei ny sak om dette.

I etterkant av møtet har Samfunnet Bislett søkt om, og fått innvilga, velkomststelt ved studiestart som skal stå på plassen utanfor P52. Her vil det bli servering og mogelegheiter for faddergrupper og andre å samlast ved studiestart.

Studentombodets årsrapport

Studentombodet presenterte ombodets årsrapport. I løpet av 2023 har 400 studentar kontakta ombodet. Rapporten uttrykker eit behov for å auke ressursane til ordninga. Ombodet ønsker også tid til oppfølging av komplekse saker utover møte med enkeltstudentar. Blant læringspunkt blir særleg gruppearbeid, nemnd for studentsaker, rettstryggleik i praksis og frist for sensur og grunngjeving trekt fram. LMU diskuterte utfordringar ved gruppearbeid og ønsker å ha ei ny sak om dette. Utvalet tok til orde for konkrete forslag med ein meny med gode døme, ikkje nødvendigvis felles reglar. Spreiing av beste praksis for opplegg for gruppearbeid er ønskeleg. I ei ny sak om gruppearbeid bør målet vere å utarbeide forslag til ei slik liste.

OsloMet har etter møtet auka ressursane til studentombodsrolla. Nytt ombod startar 1. august 2025, i ei 50 % stilling.

Språkutfordringar

Ann Kristin Bjørnnes og Ana Carla Soares Portugal Schippert presenterte arbeidet med språkutfordringar, ei sak utvalet har ønska lenge. Ved sjukepleie er det eit særskilt prosjekt, HELSENORSK, som har ført til konkrete grep. Opplegget bygger på erfaringar frå språkundervisning i kompletterande utdanning for sjukepleiarar.

Prosjektet har jobba med bevisstgjerings, studiesamtalar med alle studentane, Canvaskurs og timeplanlagt undervisning i Helsenorsk i 1. semester av sjukepleieutdanninga. Det er gitt timar i undervisarane sine arbeidsplanar til å halde studentsamtalane. Opplegget har fått noko finansiering frå støttetiltak for Læringsmiljø, tildelt i 2024.

Kurset er retta mot alle studentar som sjølvidentifiserer seg som å ha språkutfordringar, og er utforma slik at det ligg tett opp til pensum i sjukepleieutdanninga. LMU stilte spørsmål om effektar,

ressursbruk og overføringsverdi. Utvalet støttar denne typen målretta tiltak for å løyse konkrete utfordringar. Språkutfordringar påverkar mange studentar og angår kvardagen til studentar, undervisarar og administrasjon. Det er positivt at tilbodet er frivillig, og at opplegget er blitt tilpassa i respons på tilbagemeldingar frå studentar.

Studiemiljø Kjeller og Lillestrøm

Stadleg leiar ved Kjeller, Einar Stoltenberg, deltok i diskusjonen om studiemiljøet ved Kjeller. Det er prøvd ein del tiltak dei siste åra. Noko har blitt betre, men det er framleis utfordringar. På utdanningane der det er mykje undervisning på plass, er det godt oppmøte og velfungerande studiemiljø. På samlingsbaserte utdanningar er det meir krevjande. Studentfrivilligheita er sårbar, og det er vanskeleg å oppretthalde stabil aktivitet.

Det er fleire år til flytting til Lillestrøm, og det er viktig å halde oppe trykket for godt studiemiljø ved Kjeller fram til flytting. Tilsette ved OsloMet sine haldningar til å vere ved Kjeller sender viktige signal som studentane får med seg. Studieadministrativ stand i studiestart vart trekt fram som eit tiltak som fungerte godt.

Utvalet gjekk gjennom lista over tiltak for læringsmiljø ved Kjeller og meinte desse framleis er gode. Studentassistentar har vore viktige i gjennomføringa. Fredagskaffi er eit populært tiltak der ein kan møte både andre studentar og tilsette. Det kan vere positivt om Studentparlamentets Arbeidsutval, stadleg leiar kjeller og administrativt ansvarleg for arbeid med studiemiljø ved Kjeller møtast for å halde merksemd rundt arbeidet.

Liste over gjennomførte og planlagde tiltak for læringsmiljø ved Kjeller:

- Fysisk oppgradering av campus, inkludert ope og tilgjengeleg studentteneste-kontor (*nytt studenttenestekontor har kome på plass etter møtet og blir opna i juni 2025*)
- Studentliv Kjeller (UTD) – auka nærvær ved studiestart, semesterstart og andre periodar
- Fleire aktivitetar på campus som fredagskaffi, julemarknad, bålpannehygge, quiz, hobbykafé, spel og konkurransar
- Arbeid med mogleg stilling til studentprest på Kjeller – fokus på psykisk helse
- Tilpassa informasjon til målgruppene på Kjeller
- Samarbeid med Lillestrøm kommune
- Ekstra informasjon om sosial pakke for å nå fleire studentar på Kjeller

Saker i 2025

Utvalet reflekterte over kva tema og type saker som er ønska i 2025. Det vart uttrykt ønske om fleire førebudde saker med saksdokument før møtet. Tema som vart foreslått inkluderer campusprogrammet og rammene for å bygge møtestader, oppfølging av studentombodets rapport, oppdatering frå porteføljestyret om digital tenesteutvikling, diskusjonar med fakultetsleiarar om godt læringsmiljø, handtering av konflikter og sosial/religiøs kontroll, tillitsvaldsystemet og kontaktflater mellom studentar og universitet.

Korleis møter studieadministrasjonane studentane?

Seksjonssjefane Tine Richardsen (SAM), Ronald Worley (LUI), Jørund Bergrem (TKD) og Claudia Talgo (HV) deltok i panelsamtale leia av utdanningsdirektør Håkon Solberg. Studentar kan ta kontakt gjennom fleire kanalar: kontaktskjema, telefon, fysisk oppmøte og informasjonssenter. Informasjonssentera fungerer godt, med vanleg opningstid 10-14, lenger i studiestart. Fakulteta har

jobba systematisk med å svare raskt og vere tilgjengelege, mellom anna gjennom telefonvaktordningar. Studentassistentar er viktige medarbeidarar i infosentera.

Det er teikn til at fysisk oppmøte i infosenter har gått noko ned, mogleg fordi studentar finn informasjon på andre måtar. Studentar har ulike preferansar for kontakt – nokre vil snakke med ein person, andre føretrekk digitale løysingar. Infosenteret er ein front, i tillegg er det ei ramme rundt som er viktig. Forsøk med andre opningstider har vist at dei fleste kjem mellom 10 og 14.

I diskusjonen kom det fram ulike synspunkt. Nokre meinte at ei einskapleg digital førstelinje burde prioriterast, medan andre understreka at menneskeleg kontakt er avgjerande og må bevarast. Det vart påpeikt at studentar opplever å få for mykje informasjon, som skaper fleire spørsmål enn svar. Fleire meinte at tilsynelatande enkle spørsmål ofte avdekkjer viktige manglar i informasjonen universitetet gir.

Anbefalte tiltak inkluderer å ta i bruk «Mine studier» som felles plattform, halde på breidda i tilbodet med både fysisk og digital kontakt, forbetre nettsidene basert på gjentakande spørsmål, sikre presise informasjonspakkar i studiestart, vurdere støtteverktøy som chatbot eller betre søkefunksjonar, og oppretthalde og styrke kompetansen hos dei som møter studentane.

Etter møtet har OsloMet vedtatt å innføre appen «Mine studier», som vil bli pilotert på Kjeller hausten 2025.

Gode gruppearbeid

Saka tok utgangspunkt i erfaringar frå sjukepleieutdanninga, som har omfattande bruk av gruppearbeid for store studentkull. Det er viktig å skilje mellom gruppearbeid og gruppeeksamen. Gruppearbeid som verktøy for læring, utvikling og arena for å vekse, er heilt grunnleggjande. I mange tilfelle er gruppearbeid som verktøy for vurdering meir eit problem enn ei løysing. Samtidig har ein sett positiv heving av kvalitet i bacheloroppgåve når ein har innført frivillig gruppearbeid.

Fagmiljøa brukar mykje tid på både faglege/pedagogiske spørsmål og logistikken i gruppearbeid. Sjølvvalde grupper medfører alltid at nokon fell utanfor, med store personlege kostnader. Store grupper (opp mot 10) fungerer sjeldan godt. Utfordringar som gratispassasjerar, utfrysing og mobbing er vanlege. Rettleiarressursar i emne der grupper går over lang tid blir ofte brukt til å følge opp gruppedynamikk. Studentar torer ofte ikkje seie frå om problem før i siste liten.

I diskusjonen kom det fram ulike synspunkt. Nokre meinte at felles retningslinjer ikkje er eit godt verktøy, då utfordringar må handterast lokalt. Andre etterlyste fastare, felles rammer for gruppearbeid. Det vart stilt spørsmål ved om gruppearbeid blir valt av økonomiske omsyn. Bestått/ikkje bestått på gruppeeksamen vart kritisert for å fjerne insentiv til å yte maksimalt.

Anbefalte tiltak:

- Betre fysisk tilrettelegging for gruppearbeid, med stader for å jobbe og få rettleiing
- Gi rom for at utfordringar kan handterast lokalt av undervisarane – det må vere rom for pragmatisme, noko som gjer at felles retningslinjer ikkje er eit godt verktøy
- Graderte karakterar også i gruppearbeid og/eller kombinasjon gruppevurdering / individuell vurdering (kostar, men hevar kvaliteten)
- Styrke samarbeidet mellom administrasjon og fagmiljø om programplanar
- Sikre velfungerande emneansvarsteam som kan handtere vanskelege samarbeid

- Innføre tidleg opplæring i gruppedynamikk før problem oppstår
- Tydeleggjere institusjonens ansvar når gruppearbeid ikkje fungerer
- Vurdere frivillig gruppearbeid der det er fagleg formålstenleg

Campusutviklingsprogrammet

Solveig Dahl Grue og Andreas Fardal presenterte campusutviklingsprogrammet for utvalet. Det har vore jobba mykje med campusutvikling ved OsloMet, men det har vore behov for ein ny og langsiktig campusutviklingsplan. Arbeidet starta i november 2023, og rundt sommaren 2025 er mykje venta å vere klart til å fastsette plan for utvikling av campus.

Eigarskapet for planen vil ligge hos universitetsleiinga, med eit tidsperspektiv på 10 år. Planen er også utgangspunkt for framtidige budsjett- og investeringsplanar for komande 3–5 års periode. OsloMet er det universitetet som har størst andel av lokale leigd av private aktørar. For no er mykje av arbeidet innretta mot Pilestredet, sidan mykje rundt campus Lillestrøm endå er uklart.

Det er ulik fordeling av studentareal og undervisningsplassar på tvers av campus i Pilestredet. Dette bidrar til at studentar trekker mot dei største areala i P32 og P35, og det byrjar å bli fullt i nedre del av campus. Planen legg inn prinsipp for utvikling, mellom anna meir areal for studentane, auka kapasitet i felles undervisningsrom og gode «heimebasar» for studentane i tilknytning til fagmiljøa deira.

Tiltak vil måtte gjennomførast over tid, og det er vurdert at det kan vere behov for ombygging av opp mot 20 % av samla bygningsmasse. LMU bør halde auge med at planen blir følgt opp, og at investeringar og prioriteringar blir gjort i tråd med prinsippa som er sett fast i planen.

Studentforeiningar ved OsloMet

Saka vart innleia av studentlivkoordinator Beate Dessingtho, representantar frå OsloMet Gaming og prodekan for utdanning Marius Lysebo (TKD). Ved OsloMet finst det mellom 50 og 60 studentforeiningar, eit tal som har halde seg relativt stabilt sidan 2015. Blant desse finn vi OsloMet Gaming med 80–100 betalande medlemmer.

Ei utfordring for foreiningane er å bli sett og oppdaga. Studentareala kunne vore mykje meir synlege. Det hender at studentar bankar på foreiningslokalet og lurar på om dei kan bruke romma som lesesal, noko som vitnar om låg kjennskap til kva desse romma er til for.

Sett frå eit leiingsperspektiv blir studentforeiningar ofte diskutert separat frå andre tema. Læringsmiljø blir løfta i risikovurderingar behandla av styret, men universitetet greier ikkje godt nok å kople dette til foreiningane. Ofte blir foreiningane tematisert som noko universitetet kan bidra til for å vere litt hyggelege med studentane, i staden for å sjå at OsloMet treng studentforeiningar og at dei bør få både ressursar og ansvar.

Det er fleire område der universitetet bør bli betre. Det nyttar ikkje om ei foreining reserverer rom på kveldstid om studentane sine tilgangskort ikkje gir dei tilgang på tidspunktet arrangementet skal vere. Det er også krevjande å finne fram til det felles foreiningsrommet, og det er avgrensingar på reservasjonar.

For tida finst det ikkje midlar å søke på for foreiningar sentralt ved OsloMet. Velferdstinget/Kulturstyret til SiO har ein pott det går an å søke på, og SiO tilbyr også kurs i

søknadsskriving. Fakulteta har gjerne ein pott det går an å søke på. Det bør vere ein ambisjon å skape ein sterkare kultur ved OsloMet for at ein skal gjere det lett for studentforeiningar å få til ting.

Handlingsplan for Universitetsbiblioteket 2025–2027

Gry Bettina Moxnes presenterte [handlingsplanen for Universitetsbiblioteket](#). Mellom tiltaka som rettar seg særleg mot studentar, finst det planar om å involvere fleire studentar i utviklinga av UBs tenester, auke studentens bruk av biblioteklokala til faglege og sosiale formål, vidareutvikle kursporteføljen innanfor akademiske ferdigheiter, og sørge for at UB har undervisnings- og rettleiingstilbod som er tilpassa studentar som ikkje har norsk som førstespråk.

Biblioteket gjennomfører [arrangement](#) sjølv, og dei inviterer studentar til å ta kontakt og foreslå arrangement, samarbeide om arrangement og å arrangere i lokala til biblioteket. Det kom innspel om å ha nokre lågterskelarrangement, til dømes heilt korte innleiingar om god referanseskikk. Biblioteket har prøvd både å ha meir intensivt fokus på enkelttema over ei veke, og å dele opp temaa i mindre bitar og spreie dei utover.

Tilrettelegging

Eva Marie Ballo og Ragnhild By frå avdeling for utdanning innleia til diskusjon om tilretteleggingsarbeidet ved OsloMet. Det er utforma ein opplæringsressurs i Canvas for saksbehandlarar, kontorsjefar, faglærarar og fagleg ansvarlege.

Utvalet var einige om at direkte dialog med studentar er viktig og ikkje kan erstattast av nettskjema. Studentombodet uttrykte stor positiv haldning til arbeidet og auka formalisering. Det vart framheva som viktig å redusere opplevinga av skam knytt til å søke tilrettelegging.

Det er ei utfordring at det kan vere uklart kva tilrettelegging ein kan be om. Det vart peika på at det er krevjande for den enkelte student å skulle fremme sine behov for tilrettelegging til mange undervisarar, og at det behov for betre samordning av oppfølging. Utvalet understreka viktigheita av tidleg dialog med studentane og anbefaler at studieadministrasjonen har tilsette med særleg ansvar for oppfølging av tilrettelegging.

Mine studier

Inger Setnes presenterte pilotprosjektet "Mine studier", eit verktøy utvikla av UiO som skal samle informasjon frå ulike system som Timeplan, Studentweb og eksamenssystem. Bakgrunnen er at studentundersøkingar syner behov for betre informasjon til studentane, som i dag opplever informasjonskanalar som uoversiktlege.

Verktøyet inneheld også ei sjekkliste ved studiestart. Det vart understreka at god kvalitet på informasjon som blir lagt inn framleis er nødvendig for å unngå at studentane blir overvelda.

Utvalet var einige om at dette er eit positivt tiltak som kan løyse mange utfordringar. Det kom fram bekymringar knytt til hyppige systemendringar, men samstundes tillit til at arbeidet går i riktig retning.